

Jarle Kristian Låstad
Sirsetvegen 47
5955 Lindås

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/7308 - 22/79550

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
21.10.2022

Løyve til å byggje landbruksveg på gbnr. 113/2 Sirset i Alver kommune

Administrativt vedtak: Saknr:

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar og naturmangfaldslova § 7 gjev Alver kommune Jarle Låstad løyve til å byggje veg som søkt om i søknad av 07.10.2022.

Vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet skal arbeidet stoggast omgåande og Vestland fylkeskommune – seksjon for kulturarv varslast.
- Ved passering tufter gamal gardfjøs og steingard kan ein utvide opninga ved å flytte steingarden 1-2 m og byggje den oppatt. Tuftene til gardfjøsen må ikkje rørast i samband med vegbygginga.
- Vedtaket er gyldig til 01.11.2025. Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort jf. forskrift 2015-05-26-550 om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.
- Tiltaket må vere ferdig innan 01.11.2026.
- Vegen skal byggjast på enklaste måte slik det går fram av saksutgreiinga nedanfor og det skal så langt det let seg gjere, synast skånsom i høve den gamle hestevegen.
- Søkjar lyt syte for å avklare eventuelle privatrettslege tilhøve

Saka gjeld

Jarle Låstad søker om å byggje om lag 150m landbruksveg i vegklasse 8 – enkel traktorveg. Vegtraséen skal i grove trekk gå slik det er synt med blå markering i fig. 1 neste side. Landbruksinteressene er gjeve opp til å vere 100% utmark.

I nord startar vegen på innmarksbeite ved tuftene av ein gardfjøs/steingjerde. I sør vert den avslutta der den mellombelse anleggsvegen i samband med etablering av vassforsyning til Mongstad ligg.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

VURDERING

Føremålet med «Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier» er å sikre at planlegging og bygging av slike vegar skjer på som måte som gjev landbruksfaglege heilskapsløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar med meir som naturmangfold, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og andre interesser som vert råka av vegen.

Prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av tiltaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der samla belastning for økosystemet er vurdert både på staden men òg i ein større samanheng.




Fig. 1. Oversyn over traséen.

07.10.2022 vart søknaden sendt regionalt kulturminne (Vestland fylkeskommune) og internt i kommunen for vurdering i høve kulturminne- og friluftsinteresser. Samstundes vart søknaden sendt Statsforvaltaren i Vestland for uttale.

Statsforvaltaren har gjort kort utsjekk av miljøinteressene i området og ikkje funne viktige naturkvalitetar eller miljøinteresser. Statsforvaltaren har ikkje merknader til søknaden.

Vestland fylkeskommune har heller ikkje avgjerande merknader til søknaden utover at ein under opparbeidning av vegen unngår inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkeburar, tufter m.m.

Alver kommune, kultur har ikkje funne registreringar i SEFRAK (Registrering av faste kulturminne i Noreg). Gardfloren er teikna inn på utskiftingkartet frå 1873, meda vegen ikkje finns der. Det tyder på at vegen er bygd seinare, men sikker kan ein ikkje vere. Kulturavdelinga i kommunen har ikkje merknad til søknaden.

Vegen er tenkt lagt oppå ein gamal hesteveg. Under synfaring vart tiltak i denne vegen drøfta med tiltakshavar. Vårt inntrykk er at søkjær er oppteken av å ta vare på kulturminnet vegen utgjer så lang det let seg gjere. Vegen kan i grove trekk, med litt rydding av kratt og fjerning av noko jord- og torvmassar nyttast slik den ligg i dag. Stadvis lyt det gjerast noko oppgradering som heving av eine vegsida slik fig. 2 neste side ser eit døme på. Eit grovt overslag på lengda der sidene må retta opp, tilseier samla sett om lag 150m slik det er søkt om. Ein må syne mest mogleg varsemd i høve den gamle traktorvegen.

I startpunktet ved gardfjøsen, er det ein trong passasje mellom tuftene til fjøsen og ein steingard. For å kome fram med traktor, må 1-2 m av steingarden takast ned. Endesteinane må takast vare på og byggjast opp att til ny ende på steingarden. På denne måten kjem ein ikkje i konflikt med tuftene etter gardfjøsen – sjå fig. 3 neste side.

Etter søk i naturbasen (via gardskart) og artsdatabanken er det ikkje gjort funn i eller kring vegtraséen.

Tiltaket er vurdert ut i frå naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 1 og 7. Kommunen finn at kunnskapsgrunnlaget i § 8 og «føre-var» prinsippet i § 9 i naturmangfaldslova er godt nok til å fatte vedtak.



Fig. 2. Venstre del (i biletet) av hestevegen må hevast noko.



Fig. 3. Tufter etter gardfjøs til venstre og steingarden mot høgre i biletet.
Passasjen mellom steingarden og tuftene etter gardfjøsen, må utvidast for å kome fram med traktor.

Etter ei samla vurdering knytt opp til gjeldande lover og regelverk og med vekt på mottekne fråsegner, har Alver kommune kom fram til at søknaden kan komast i møte med dei vilkår som vert sett i vedtaket.

Regelverk

- Naturmangfaldslova
- Forskrift og planlegging og godkjenning av landbruksvegar.
- Forvaltningslova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytt fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jarle Kristian Låstad

Sirsetvegen 47

5955 Lindås